

100 millimeter!

07.10.2011



[Slik har vi opplevd denne hausten!](#)

**Regnet piskar mot rutene nærmast døgnet rundt.  
Men kor mykje har det eigentleg regna til no i oktober?  
Observatør Kurt Haugland på Korsneset har svaret:  
Til i dag klokka 7 hadde det regna tett oppunder 100 millimeter.  
Held det fram slik, kan det bli rundt 400 millimeter denne månaden.**

Det vil i så fall vera meir enn i september, for då målte Kurt 333 millimeter.

Men Uskedalen og Korsnes ligg ikkje høgast på statistikken for månaden som gjekk hvis ein ser kommunen under eitt. Både i Ølve og Matre kom det meir enn 400 millimeter, i Matre så mykje som 440 ved SKL.

Her i Uskedalen var det imidlertid berre 6 nedbørsfrie dagar i denne månaden. Minst hadde Rosendal med 275, men no i oktober ligg dei ein tanke foran Uskedalen.

Mykje kan endra seg, og akkurat no skin sola!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen